

Samarbeidsavtale mellom Fusa kommune og Fusa idrettsråd

1. Bakgrunn og mål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å stimulera og leggja tilrette slik at alle kan vera fysisk aktive i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

Målet med denne avtalen mellom Fusa kommune og Fusa idrettsråd er å styrka det naudsynte samspelet mellom kommunen og den frivillige idretten. Avtalen skal bidra til å klargjera viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar.

2. Samarbeidet

Fusa idrettsråd er dei lokale idrettslaga sin interesseorganisasjon.

Det er eit hovudprinsipp at saker klubbane ønskjer å fremja til kommunen, og som er av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for idrettsrådet til uttale. Ein eventuell uttale frå idrettsrådet skal følgja saka og liggja til grunn for administrative eller politiske vedtak.

Dette hindrar likevel ikkje at idrettsråd og kommune kan avtala at ei sak vert handsama gjennom direkte kontakt mellom idrettslag og kommune.

Idrettsrådet kan også medverka i saker i Fusa kommune på andre måtar t.d. ved å vera representert i arbeids- og prosjektgrupper. Idrettsrådet er også Fusa kommune sitt kontaktpunkt ut mot idretten og koordinerande ledd ved samarbeidsprosjekt og tiltak t.d. idrettsskule for funksjonshemma.

All kommunikasjon mellom Fusa kommune og Fusa idrettsråd skal vera open og basert på gjensidig tillit.

Høyringsrett:

Fusa idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Idrettsrådet må få sakene til uttale i rimeleg tid slik at det er høve til å kalla inn til styremøte. Idrettsrådet på si side må respektera dei saksfristane som gjeld for den kommunale sakshandsaminga slik at denne blir effektiv.

Fusa kommune sin administrasjon syt for at Fusa idrettsråd sine innspel følgjer med sakene til avgjerande instans.

Administrative og politiske møte:

Kommuneadministrasjonen har høve til å vera representert og møta i idrettsrådet som observatør. Administrativ og politisk leiing møter Fusa idrettsråd ved behov, minst ein gong i året.



Informasjonsmøte:

Dersom det skjer store endringer/ omleggingar av t.d. tilskotsordningar, skal Fusa kommune kalla inn idrettsrådet til møte.

Administrasjon av idrettsbygg:

Fusa idrettsråd fordeler treningstid til idrettslaga når kommunal idrettshall står ferdig.

3. Revisjon/ oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart 4. år etter underskrivinga. Partane kan elles endra avtalen om ein er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen, men må varsle om dette 6 månader på førehand.

Datert: 29/5-2015

For

Fusa idrettsråd

Leiar

Liv Nyheim Kilen

Fusa kommune

Ordfører